

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/22	Utval for kultur og oppvekst	12.05.2022
65/22	Kommunestyret	09.06.2022

Kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Herøy 2021

Samandrag:

Vedlagt er Kvalitetsmelding for grunnskulen i Herøy 2021.

Kommunestyret 09.06.2022

Behandling:

Utvalet for kultur og oppvekst si tilråding vart samråystes vedteken

K - 65/22 Vedtak

Rapporten vert teken til vitande.

Utval for kultur og oppvekst 12.05.2022

Behandling:

Fagleiar oppvekst Brit-Sunnøye Torvik orientete i saka
Kommunedirektøren si tilråding vart samråystes vedteken

OU - 22/22 Vedtak

Utval for kultur og oppvekst si tilråding:
Rapporten vert teken til vitande.

Kommunedirektøren si tilråding:

Rapporten vert teken til vitande.

Saksopplysningar:

Målet med Kvalitetsmeldinga er å gje kommunestyret som skuleeigar og andre betre forståing, innsikt og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Herøyskulen.

Jfr. Opplæringslova §13-3e, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I Meld. St. nr 31 2007 – 2008, «Kvalitet i skolen», pkt. 4.5.3 - Krav til årleg tilstandsrapport, heiter det innleiingsvis:

«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».

Denne tilstandsrapporten, som frå 2021 blir kalla Kvalitetsmelding, skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, og den skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som leiinga meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs. kommunestyret.

Rapporten byggjer på opplysningar frå Statistikkbanken som er Utdanningsdirektoratet sin portal der all informasjon om skulane sine resultat vert lagra. Der er ikkje berre læringsresultat, men også anna informasjon om skulane som vert innmeldt gjennom den årlege GSI-rapporteringa.

Vi har gjort eit utval frå Statistikkbanken, og presenterer det i den vedlagte Kvalitetsmeldinga.

Vurdering og konklusjon:

Skulane arbeider systematisk og godt på mange ulike område, og skuleleiinga forventar positiv utvikling over tid. Ein ser resultat av dette arbeidet, men også svingingar mellom årskull og skular.

Analysane etter nasjonale prøver 2021 viser fleire årsaker til at somme skular skårar lågare enn forventa i lesing, men også at skular gjer det bra i t.d. rekning og engelsk. Mange minoritetsspråklege elevar på trinna vert målte på lik linje med elevar som er fødde og oppvakse her. Overgangen frå 4. til 5. trinn er stor for elevane, også i høve det dei blir målte på og måten det blir gjort på. Dei yngste elevane treng meir øving i å halde ut i 90 minutt. Manglande leseforståing kan gi utslag også i rekning. Alle skular har analysert og meldt inn funn og forslag til tiltak.

Det som ofte pregar resultatet på nasjonale prøver, er den store spreieninga i resultat på same trinn. Det er også stor skilnad på resultat mellom gutter og jenter. Dette er ikkje utprega funn berre i Herøy, men gjeld for resultatet generelt både i fylket og i nasjonen.

Det har vore jobba for og med læringsmiljøet i fleire år i Herøy. Særleg etter at kap. 9a i opplæringslova «Elevane sitt skolemiljø» vart skjerpa i 2017, har det vore arbeidd meir systematisk gjennom aktivitetsplikta. Elevundersøkinga vart hausten 2021 gjennomført på 7. og 10.trinn. Målingane på trivsel, meistring, motivasjon og mobbing er dei viktigaste i høve

det å ha eit godt læringsmiljø. Som regel er det elevane på barneskulen som måler best på trivsel, medan det har vore noko fallande gjennom ungdomsskuletida. Elevundersøkinga for siste par åra viser at trenden har snuud i ungdomsskulen. Målinga er framleis god og stabil for 7. trinn, medan 10. trinn viser god framgang.

Det er nulltoleranse mot mobbing og trakassering, men ein kan aldri garantere at mobbing og krenkande åtferd ikkje skjer. Men det førebyggande arbeidet er viktig, og etter innskjerpingleg i § 9a i opplæringslova og nye retningslinjer og rutinar for kartlegging og oppfølging ute i skulane, melder skulane om positiv utvikling. Den nye aktivitetsplikta, som seier konkret kva som skal gjerast for å oppdage mobbing og krenkande åtferd, er eit godt hjelpemiddel for skulane. I tilfella der elevane melder om mobbing eller trakassering, har skulane følgt opp, avdekt og sett inn snarlege tiltak.

Rektorane har i tillegg til støtte i sitt eige nettverk, også høve til å søkje råd hos «Beredskapsteamet» i vanskelege situasjonar. Det kan oppstå situasjonar med mobbing/krenking på område der ein lærar ikkje er til stades, som t.d. digitale og sosiale media. Denne type mobbing kan kome inn under Straffelova, og det er difor oppretta eit samarbeid med politiet, som tek slike saker vidare.

Sakshandsamar: Brit-Sunnøye Torvik
Fagleiar Oppvekst

Trond Arne Aglen Kommunedirektør	Sølvi Lillebø Remøy Kommunalsjef for kultur og oppvekst
-------------------------------------	--